

Saksnr: 2019/10-134
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------|-------------|------------|
| Valnemnda | | 17.12.2019 |
| Fylkestinget | | 17.12.2019 |

Val av medlemer til etikkutval**Forslag til innstilling**

Medlemer til etikkutvalet i Vestland fylkeskommune

- 1.
- 2.
- 3.

Samandrag

I fylkestinget 15. og 16.10.19 sak 19/10 vart det vedteke å oppretta eit Etikkutval for Vestland fylkeskommune. Utvalet skal bestå av 3 medlemer. Det må gjerast val av medlemer til dette etikkutvalet.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Ingrid Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør for
øk. og org.avdelinga

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I fylkestinget 15. og 16.10.19 sak 19/10 vart det vedteke å oppretta eit etikkutval for Vestland fylkeskommune. Det vart vedteke reglement for dette utvalet. Utvalet skal bestå av 3 medlemmer. Det må gjerast val av medlemmer til dette etikkutvalet.

I reglement for etikkutvalet går det fram følgjande om samansetjing og mandat:

7.2 Etikkutval

Etikkutvalet skal vere ein uavhengig kvalitetssikrar for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune i høve det etiske reglementet for folkevalde. Etikkutvalet skal kunne handtere spørsmål i vanskelege enkeltsaker eller spørsmål av ein meir prinsipiell karakter. Etikkutvalet er ikkje eit utval oppretta i medhald av kommunelovas § 5-7 slik dei reglementa for folkevalde organ er definert i «Reglement for folkevalde organ».

7.2.1 Samansetting

Etikkutvalet skal ha 3 medlemmer frå tre ulike parti. Medlemmer vert valde av fylkestinget. Medlemmer skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmer og inneha solid politisk erfaring.

Etikkutvalet er oppretta for den fylkeskommunale perioden.

7.2.2 Utvalet sitt mandat

Bidra til tillitsskapande omdømme for Vestland fylkeskommune.

Utgreie klagar og spørsmål frå medlemmer og varamedlemmer av fylkestinget ut frå det etiske reglementet.

Gje uttale på grunnlag av sakens faktum og opp mot det etiske reglementet for folkevalde.

Uttale skal i hovudsak gjevast munnleg i det organ saka er tatt opp. Etikkutvalet kan likevel gje ei skriftleg uttale til den folkevalde dersom sakas opphav gjer at det ikkje fell naturelg å ta det opp i eit politiske organ eller lovbestemt teieplikt er til hinder for det.

Uttale skal vere gjeven innan to veker frå saka kom til etikkutvalets leiar.

7.2.3 Rutinar for å melde sak til etikkutvalet

Alle folkevalde har rett til å melde inn sak til etikkutvalet. Saka meldast direkte til etikkutvalets leiar og tilvisinga skal vere skriftleg.

Saka vil bli arkivert i fylkeskommunen sak- og arkivsystem, men den vil ikkje bli gjort offentleg i den grad at den vil verte publisert på fylkeskommunens nettsider.

Av pkt.7.2.1 går det fram at etikkutvalet skal ha 3 som skal velgjast mellom fylkestinget sine medlemmer. Dei 3 medlemmane skal koma frå tre ulike parti og ha solid politisk erfaring.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, Reglement for fylkestinget

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkestinget vel 3 medlemmer til etikkutvalet i Vestland fylkeskommune.